

Endringar i 2007-statistikken for folkebibliotek

Det er gjort nokre endringar i skjema og rettleiing frå rapporteringa av statistikken for 2006. Nedanfor er endringane nemnde i rekkjefølgja spørsmåla står i skjemaet for 2007.

Side 2 – Samlingar

Kategorien avgang er fjerna.

Spørsmåla om lydbøker for barn og lydbøker for vaksne er flytta, men innhaldet er uendra.

Spørsmåla om abonnement aviser og abonnement tidsskrift er slegne saman til eitt spørsmål om "Abonnement (tidsskrift/aviser)".

Ordlyden i spørsmåla om video/DVD for barn og vaksne er endra til "Film" for barn og vaksne, men innhaldet er uendra.

Spørsmåla om CD-ROM for barn og vaksne er fjerna. CD-ROM inngår no i kategorien "Anna".

Det er eit nytt spørsmål om delen av tilveksten som kjem frå Kulturrådet sine innkjøpsordningar. Det skal ikkje vere naudsynt å hente data for dette frå biblioteksystemet. Ein kan ta utgangspunkt i talet på sett ein har fått under dei ulike ordningane og trekke frå dei eksemplara som er vidarefordelte eller av andre grunnar ikkje er med i tilveksttala. I 2007 blei det sendt ut 251 eksemplar per sett av vaksen litteratur, 149 eksemplar per sett av litteratur for barn og ungdom og 61 eksemplar per sett av omsett litteratur.

Side 3 – Bibliotekbruk

Utlån

Fordelinga på medietypar følgjer endringane i bestand og tilvekst.

Spørsmålet om utlån frå mobile einingar i kommunen er fjerna.

Aktive lånarar

Det er innført eit nytt spørsmål om talet på aktive lånarar. Både bibliotek og systemleverandørar blei varsla om endringa i desember 2007. Dette gjer at det for ein del bibliotek kan vere vanskeleg å svare på spørsmålet. Bibliotek som ikkje kan svare på spørsmålet utan å bruke uforholdsmessig store ressursar på dette, kan la feltet stå ope.

Fjernlån og innlån

Spørsmåla om talet på tingingar er fjerna. Spørsmåla om tal på mottekne og sende bøker/dokument er uendra.

Brukarorienteringar

Spørsmåla om tal på brukarorienteringar og tal på brukarorienteringar for barn er fjerna. Spørsmål om tal på timar med brukarorienteringar og tal på timar med brukarorienteringar for barn er innførte. Rettleiinga til spørsmåla er endra.

Rettleiing i bruk av Internett

Spørsmålet om rettleiing i bruk av Internett er flytt hit frå siste side. Det er laga rettleiing til spørsmålet.

Side 4 – Administrative opplysningar

Spørsmåla om kva for stilling biblioteksjefen er underlagt, kva for politisk organ biblioteket er knytt til, og om biblioteket har eit reglement laga på grunnlag av retningslinjer frå Statens bibliotektilsyn, er fjerna.

Biblioteksjefen

Det er innført spørsmål om biblioteksjefen har godkjent fagutdanning.

Personale

Kategoriane ”Tal på tilsette heiltid” og ”Tal på tilsette deltid” er erstatta av kategorien ”Tal på tilsette”.

Spørsmåla om biblioteksjefar med og utan fagutdanning er fjerna. Ein fører biblioteksjefen i kategoriane ”Fagutdanna bibliotekarar” og ”Anna personale i kontor- eller fagstillingar” når det gjeld tal på tilsette og årsverk.

Opningstider ved hovudbiblioteket/avdelingane

Spørsmåla om talet på timar ope totalt pr. veke er fjerna. Vi spør etter talet på timar pr. veke før kl 17.00 og etter kl 17.00.

Prosjektarbeid

Det er innført to nye spørsmål om prosjektarbeid.

Side 5 – Økonomi (ressursar)

Økonomi

Ein skal føre opplysningar om driftsutgifter utan mva.

Det er gjort nokre tilpassingar i rettleiinga ved at ho viser til KOSTRA-artar for dei ulike postane.

Utgifter til tilsette vaktmeistrar, reinhaldarar og anna drifts- og vedlikehaldspersonale knytt til biblioteklokala skal ein ikkje lenger føre under ”Løn og sosiale utgifter”. Desse kostnadene skal ein føre under den nye kategorien ”Husutgifter”.

Spørsmålet om driftsutgifter til bokbuss er fjerna frå folkebibliotekskjemaet.

Spørsmålet om husleige er erstatta med ”Husutgifter”. Dette følgjer av endringar i KOSTRA-rapporteringa, der utgifter til kulturbygg frå og med 2007 skal førast som eigen funksjon (386). ”Husutgifter” femner meir enn spørsmålet om husleige gjorde.

Spørsmålet om tal på kombinasjonsbibliotek med annan skule enn grunnskule eller vidaregåande skule er endra til eit spørsmål om tal på kombinasjonsbibliotek med annan skule/institusjon. Rettleiinga er endra.

Det er innført spørsmål om sjukelønnsrefusjon og fødselspengar.

Lokale

Spørsmålet om tal på datamaskinar til bruk for publikum er flytta hit frå side 6. Innhaldet i spørsmålet er uendra.

Side 6 - Samarbeid

Sida har skifta namn frå ”IKT og samarbeid” til ”Samarbeid”. Spørsmåla om datamaskinar og internettilgang er fjerna med to unntak. Dei to spørsmåla som er igjen, er flytta til andre skjemasider.

Definisjonen av samarbeid er endra. Tidlegare kravde definisjonen at ein hadde ei skriftleg samarbeidsavtale. Vi krev ikkje dette lenger, men samarbeidet skal være fast og organisert. Rettleiinga er endra.